



Planomtale

Reguleringsendring

Kyrkjhornsbakkane bustadfelt – for den del som gjeld Kirkhorn skule

PlanId: 20190002

Gnr. 205 Bnr. 8

Tiltakshavar: Fr Meltzersgt 34 AS

Prosjektnummer 2151-2

Dato: rev2 01.03.21 / 07.05.2021

Volda kommune

Planforslag rev. Etter offentleg høyring. Vedlegg til kommunestyret si slutthandsaming 16.06.2021, sak 68/21



Figur 1 Gamle Kirkhorn skule. Foto: Google maps



post@aalark.no
Tlf: 57 87 46 50

Reguleringsendring – Kyrkjhornsbakkane
Prosjektnr: 2151-2

Innhold

1.	Samandrag.....	4
2.	Plandokument/ vedlegg.....	5
3.	Bakgrunn for planarbeidet.....	6
4.	Planprosess.....	7
5.	Planstatus og rammer for arbeidet.....	9
5.1.	Nasjonale føringer	9
5.2.	Regionale føringer.....	10
6.	Skildring av planområdet (eksisterande forhold).....	13
6.1.	Landskap og estetikk	13
6.2.	Tryggleik mot naturskade.	13
6.3.	Arealbruk på dette og tilstøytande areal:	15
6.4.	Samferdsleanlegg.....	15
6.5.	Kulturminne/kulturmiljø.....	15
6.6.	Naturverdiar og naturmangfold/Grøntstruktur	16
6.7.	Born og unge sine interesser:	16
6.8.	Samfunnstryggleik og beredskap	16
6.9.	Miljøfaglege forhold, forureining og støy.....	16
7.	Skildring av reguleringsendringa	18
7.1.	Endringar i plankartet	18
7.2.	Endringar i føresegnene.....	18
7.3.	Teknisk infrastruktur.....	20
8.	Verknader av planframlegget.....	21
8.1.	Overordna planer.....	21
8.2.	Landskap og estetikk	21
8.3.	Konsekvensar for naboor	21
8.4.	Naturmangfold	21
8.5.	Landbruk.....	22
8.6.	Vassmiljø.....	22
8.7.	Kulturminne/kulturmiljø.....	22
8.8.	Barn og unge sine interesser.....	22

8.9.	Trafikk vegnett og parkeringsforhold.....	23
8.10.	Teknisk infrastruktur.....	23
8.11.	Tiltak mot støy	23
9.	ROS-Analyse.....	25
10.	Medverknad og innkomne merknader.....	29
10.1.	Innkomne merknadar ved planoppstart.....	29
10.2.	Merknadar etter offentleg ettersyn.....	31
10.3.	Oversikt over utførte endringar i plandokumenta etter offentleg ettersyn	32
	VEDLEGG	36
	Vedlegg1. Sjekkliste for potensielle, uønskte hendingar til ROS-analysen	36
	Vedlegg 2. Skjema for vurdering av risiko og sårbarheit.....	37

1. Samandrag

Aaland Arkitektkontor har på oppdrag frå Fr Meltzersgt 34 AS utarbeidd forslag til reguleringssendring for Kyrkjehornsbakkane bustadfelt i Volda kommune (ved planoppstart Hornindal kommune). Endringa er avgrensa til gbnr 205/8 som utgjer 1,5 daa. Føremålet med endringa er å legge til rette for bustader i staden for offentlege bygningar innanfor gbnr 205/8. Planarbeidet er i samråd med kommunen vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing.



Figur 2 Flyfoto som syner planområdet. Kjelde: kommunekart.com

2. Plandokument/ vedlegg

Forslag til detaljreguleringsplan til offentleg høyring er samansett av følgjande dokument:

Plandokument:

- **Planomtale**, datert rev 2 01.03.21
- **Reguleringsføresegner med endringar i raud skrift**, sist rev. 07.05.2021
- **Plankart i målestokk M 1: 500 (A3-format)**, datert 16.09.20
- **Vedlegg:**
 - Kopi av varsel om oppstart
 - Referat frå oppstartsmøte
 - Innkomne merknader
 - Støyvurdering gamle Kirkhorn skule, Sweco, datert 12.06.2020
 - Planteikningar datert 25.02.21

3. Bakgrunn for planarbeidet

Gjennom detaljreguleringa ønsker ein å leggje til rette for bustader i staden for offentlege bygningar innanfor gbnr 205/8. Tiltakshavar ønsker å nytte den gamle skulebygningen til bustadføremål og ser føre seg ei ombygging til inntil 6 leilegheiter.

Bygget som står på eideomen er oppført i 1939, og var fram til midten av 1970-talet nytta som skule. Etter den tid har det vore ulike aktivitetar i bygget, mellom anna fritidsklubb, bibliotek, kyrkjelydstove og kafé/pub. Bygget var i kommunen si eige fram til 2017. Det er frå kommunen si side ikkje lenger ønskeleg å nytte arealet til offentlege føremål.

Eigartilhøve og planavgrensing.

Reguleringsendringa vart varsle med avgrensing som synt i figur 2 og følgjer eideomsbegrensinga til gbnr 205/8. Mot vest grensar planen mot reguleringsplan for E39 Grodås-Lødemel.

Nøkkellopplysninga

Gnr/bnr	205/8
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommuneplan)	Arealet er avsett til offentlege bygningar i Reguleringsplan for Kyrkjehornsbakkane bustadfelt. I kommuneplan for Hornindal er arealet avsett til bustadområde.
Forslagsstillar	Fr Meltzersgt 34 AS v/Anne Aasgaard Kirkhorn
Grunneigarar	Fr Meltzersgt 34 AS
Plankonsulent	Aaland Arkitektkontor
Hovudformål med endringa	Leggje til rette for bustader innanfor gbnr 205/8
Storleik på planområdet	1,5 daa
Tal på nye bustadeiningar	6
Aktuelle problemstillingar	Støy Parkerung Sikt mot gangveg Samfunnstryggleik og beredskap
Oppstartsmøte for endringa, dato	21.06.19
Forslag om mindre reguleringsendring sendt på avgrensa høyring, dato	20.09.19
Varsla oppstart av reguleringsendring	02.10.19; annonser i Fjordingen 04.10.19



post@aalark.no
Tlf: 57 87 46 50

Reguleringsendring – Kyrkjehornsbakkane
Prosjektnr: 2151-2

4. Planprosess

Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte med Hornindal kommune 21.06.2019 (Møtereferat er vedlagt). I etterkant har endringa vore drøfta på telefon/e-post. Det var semje om at endringa var av ein slik karakter at saka kunne handsamast som ei mindre reguleringsendring etter §12-14 i plan og bygningslova.

Høyring av forslag om mindre reguleringsendring

Endringsforslaget vart i samråd med kommunen sendt på avgrensa høyring til grunneigarar/naboar og offentlege instansar med høyringsfrist 10.10.19. Før høyringsfristen var ute kom det merknad frå Fylkesmannen i Vestland om at endringa ikkje kunne handsamast etter forenkla prosess. Bakgrunn for dette var at Fylkesmannen vurderte det slik at det var grunnlag for å fremje motsegn til planforslaget både utifrå manglande vurderingar knytt til støy og samfunnstryggleik og beredskap.

Planoppstart

Varsel om oppstart vart utsendt 02.10.19. Dette ligg ved.

Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing

Etter *Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven* (KU-forskrifta)§ 4-2 ledd, skal den som fremjar forslag til plan etter plan og bygningslova sjølv vurdere om planen fell inn under forskrifta sitt saklege verkeområde.

Planforslaget kan falle innunder §6b punkt 25 i vedlegg I: Nye bustad- og fritidsbustadområder som ikkje er i samsvar med overordna plan, men ein forstår det som at dette gjeld omdisponering av områder som er større enn det planforslaget legg opp til. Det omdisponerte området utgjer 1,5 daa.

Planforslaget vil heller ikkje få vesentlege verknader for miljø og samfunn etter §8. Det er ikkje registrert prioriterte arter eller utvalde naturtypar i planområdet.

Med bakgrunn i dette er planforslaget vurdert til ikkje å vere KU-pliktig.

Høyringsinstansar

Namn	E-post
NVE, region vest	rv@nve.no
Statens Vegvesen, region vest	firmapost-vest@vegvesen.no
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	post@sfj.no
Fylkesmannen i Vestland	fmvlpost@fylkesmannen.no

Heimelshavarar

Namn	Adresse
Helga Annie Kirkhorn	Postboks 48, 6781 Hornindal
Anita Bøe	Kvivsvegen 1520, 6763 Hornindal
Arne Muldsvor	Kvivsvegen 1520, 6763 Hornindal

Gjennomgang og oppsummering av innkomne merknader er gjort i Kp 10.

Endringar i plandokumenta etter offentleg ettersyn

Planen var lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 13.03.20-27.04.20. Det kom inn 4 merknadar til planarbeidet. Både Fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune hadde motsegn til planen. Det er i etterkant gjennomført synfaring med Møre og Romsdal fylkeskommune der ein drøfta innspela og hadde særleg fokus på den kulturminnefaglege delen av prosjektet.

Plandokumenta er endra for å imøtekome merknadane. Det er utarbeida planteikningar som syner korleis ein kan ivareta støykrav stilt i føresegnene. Innspel og endringar er gjort greie for i kap.10.

5. Planstatus og rammer for arbeidet

5.1. Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023

Plan- og bygningslova frå 2008 innførte eit lovbestemt krav om at regjeringa kvart fjerde år skal utarbeide et dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Bakgrunnen er eit ønske om å oppnå betre samhandling mellom plan-nivåa, og i sum betre relevans, måloppnåing og samordning av mynde i planlegginga. I Nasjonale forventningar vedteke 14. mai 2019 legg regjeringa vekt på at vi står ovanfor fire store utfordringar:

- *Å skape eit berekraftig velferdssamfunn*
- *Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning*
- *Å skape eit sosialt berekraftig samfunn*
- *Å skape eit trygt samfunn for alle*

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing

Retningslinjene vart fastsett ved kgl.res. 28 sept 2018. Kommune, fylkeskommune og staten skal gjennom planlegging og anna myndighets- og verksemderutøving stimulere og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt auka miljøvennleg energiomlegging. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet førebuast og tilpassast klimaendringane.

Naturmangfald

Naturmangfaldlova trådte i kraft frå 01.07.2009, med siste endring av 20.06.2014. Lovens formål er: «at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur».

Friluftsliv

I St. meld. 18 (2015-2016) «Natur som kjelde til helse og livskvalitet» vert det vist til at det er eit nasjonalt politisk mål å ta vare på friluftsliv som ein levande og sentral del av norsk kulturarv og nasjonalidentitet, og som ein viktig kjelde til å betre livskvalitet og helse for alle. Hovudmålet er at ein stor del av befolkninga med jamne mellomrom skal drive med friluftsliv. Friluftsliv kan utøvast av alle, uansett kvar ein bur og nesten uavhengig av fysisk form, rørsleevne og kunnskap.

Allemannsretten, retten til fri ferdsel, opphold og aktivitet i utmark, er fundamentet i friluftstradisjonane våre.

Det er viktig å verne om allemannsretten, og elles bidra til at folk har høve til å ta del i ulike former for friluftsliv. Naturopplevingar er det som særskilt skil friluftsliv frå andre fritidsaktivitetar. Ein legg vekt på at ein må ivareta og vidareutvikle grønstruktur og friluftsliv i og ved byar og tettstadar.

Byggeskikk og estetikk:

Stortinget har gjennom plan og bygningslova peika på at det skal leggast vekt på estetiske omsyn i plan og byggesaker.

Born og unge:

Rikspolitisk retningsline for born og unge i planlegginga, er eit verktøy for at ein skal ”*..ta hensyn til barn og unge i sin planlegging, og må legge til rette for gode bomiljøer og gode oppvekst og levekår.*”

5.2. Regionale føringer

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021, Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Fylkestinget vedtok i juni 2018 Regional plan for klimaomstilling 2018-2021. Klimaomstilling omfattar både samfunnsendring, klimatilpassing og utsleppsreduksjon. Eit av dei overordna måla er at bygg, busetnad, infrastruktur og samfunn skal vere tilpassa og ha redusert sårbarheit i møte med klimaet i dag og i framtida.

Regional plan for folkehelse 2015-2025, Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

Føremålet med planen er å bidra til å nå føremåla i *Lov om folkehelse*, samt vere med å gje retning for aktørar som ønsker å bidra til ei betre helse og betre trivsel for folk i fylket. Visjonen for planen er «*saman for god helse*». Dei 5 satsingsområda er:

1. Lærande organisasjonar i plan og samfunnsutvikling
2. Gode bu- og nærmiljø
3. Helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule
4. Trivselsfremjande fritid
5. Helsefremjande arbeidsliv

Regional plan for vassforvaltning:

Fylkestinget vedtok planen i 2015. Planen fastset miljømål og ønska forvaltning av vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. I alle forslag til reguleringsplanar må ein gjere greie for om planen kan ha innverknad på vassførekomstar i eller i tilknyting til planområdet.

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019, Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

Planen viser til verkemiddel og tiltak for å få fleire i fylket til å vere fysisk aktive, og skal vere eit arbeidsverktøy for alle involverte partar for å fremje fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen legg vekt på behovet alle har for fysisk aktivitet, og anlegg som er tilpassa dette.

Klimaprofil, Sogn og Fjordane (2016): Klimaprofilen gjev eit samandrag av klimaet, venta klimaendringar og klimautfordringar i Sogn og Fjordane. Den er meint som eit vedlegg til Klimahjelperen og mykje av innhaldet er henta frå «klima i Norge 2100». Klimaprofilen skildrar vente klimaendringar ved høge klimagassutslepp, med fokus på endringar fram mot slutten av hundreåret (2071-2100). For same klimagassutslepp vil ulike klimamodellar gje ulike resultat. Klimaprofilen viser til midlare verdi av ulike modellar.


Middeltemperaturen for Sogn og Fjordane er berekna til å auke med ca. 4°C og vekstsesongen er venta å auke med 2-3 månader. I følgje klimaprofilen vil klimaendringane i Sogn og Fjordane særleg føre til behov for tilpassing med tanke på

- Kraftig nedbør og auka problem med overvann:
 - Årsnedbøren i Sogn og Fjordane er rekna å auke med ca. 15%.
 - Nedbøruken vert stort for dei nedbørrike områda nær kysten
 - Det er venta at episodar med kraftig nedbør/slagregn aukar vesentleg både i intensitet og frekvens, noko som vil stille større krav til handtering av overvann i utbygde strok.
- Havnvåstigning og stormflo
 - Klimapåslag vil vere 57-75 cm, avhengig av kommune. Tal for klimapåslag vert spesifisert i rapporten «Havnivå og stormflo». I tillegg må det gjerast eigne vurderingar for bølgje og vindoppstuving.
- Endringar i flaumforhold og flaumstorlek
 - Auka frekvens av lokal, intens nedbør gjev sannsyn for flaum i tettbygde strok og små bratte vassdrag. Ein bør vere merksam på at mindre bekkar og elver kan finne nye flaumvegar.
 - Anbefalt klimapåslag på flaumvassføring er 20 % eller 40 % for alle nedbørfelt, avhengig av plassering og flaumsesong.
- Skred
 - I bratt terreng vil klimautviklinga kunne gje auka frekvens av skred knytt til regnskyll/flaum, snøfall og snøsmelting. Dette gjeld først og fremst jordskred, flaumskred og sørpeskred.

5.3. Kommunale føringer

- **Gjeldande reguleringsplan**


Gjeldande reguleringsplan for Kyrkjhorngsbakkane bustadfelt vart godkjend av kommunestyret 03.11.89 (planID 1444_19890001). I gjeldande reguleringsplan er arealet avsett til offentlege bygningar. Bygget var i kommunen si eige fram til 2017. Det er frå kommunen si side ikkje lenger ønskjeleg å nytte arealet til offentlege føremål.



Figur 3 Gjeldande reguleringsplan. Aktuelt område markert med raud ring

- **Kommuneplan for Hornindal**

I gjeldande kommuneplanen (godkjend i 2004) er arealet avsett til bustadområde. I denne planen er det lagt vekt på at ein ønskjer å utvikle Grodås til eit sentrum med eit variert bustadtibod.



Figur 4 Utsnitt frå gjeldande kommuneplan


6. Skildring av planområdet (eksisterande forhold)

6.1. Landskap og estetikk

Planområdet er ein del av Kyrkjhorngsbakkane bustadfelt og ligg rett nord for sentrum. Arealet er flatt og utgjer 1,5 daa. Mot vest grensar arealet til Kvivsvegen. Elles grensar eigedomen til landbruksareal. Det er fin utsikt mot Hornindalsvatnet.

6.2. Tryggleik mot naturskade.

Faresone for skred



Figur 5. Faresone for skred. For deler av området er sannsyn for skred høyere enn 1/5000. Kjelde: NVE Atlas

Det er gjennomført skredfarekartlegging som inkluderer det aktuelle området (Skredfarekartlegging i Hornindal kommune, NVE 2015). Rapporten syner at deler av arealet ligg innanfor faresone for skred (lausmasseskred og flaum, nominell årleg sannsyn $\geq 1/5000$). Omsynssone for skred er ikkje lagt inn i plankartet ettersom føreseggnene ikkje opnar opp for bygg i tiltaksklasse 3.

Flaum



Figur 6. 200-årsflaum inkl 20% klimapåslag; Sweco


I samband med utarbeiding av kommunedelplan E39 Byrkjelo – Grodås er det gjennomført flaumkartlegging av Horndøla (Sweco 2018). Kartlegginga syner at det aktuelle området ikkje er utsett for flaum (fig 6).

Når det gjeld Kyrkjhornselva syner kart fra NVE atlas at aktsemdsområdet følgjer elva med ei breidde på 75 meter (37,5 m på kvar side). For planområdet er omsynssonene til dei to elvane overlappande, men ein må kunne anta at omsynssonene knytt til Kyrkjhornselva også her er avgrensa til 37,5 meter på kvar side. Planområdet ligg mellom 70 og 110 m frå elva, og ein konkluderar difor med at det ligg utanfor aktsemdsområdet.




Figur 7 Aktsemdsområde for flaum. Kjelde: nve atlas

Kvikkleire



Figur 8 Moglegheit for marin leire. Kjelde: NGU

I følgje lausmassekart frå NGU finn ein elveavsetjingar innanfor planområdet. Arealet ligg under marin grense, og i følgje kart frå NGU er moglegheit for marin leire stor (fig 8). Hav- og fjordavsetjingar (og mogleg marin leire) vil da kunne finnast under lausmassetypen som finnast i overflata. På tilstøytande område er moglegheit for marin leire liten.



Figur 9 Bratthet (jordskred). Kjelde: NVE Atlas



Figur 10. Skråningane ned mot elvebredden er avgrensa til omlag 2 meter. Foto: Google maps

Fig 9 syner at området med mogleg marin leire er relativt slakt (planområdet markert med stipla linje). Nær elva finn ein dei brattaste skråningane med ei helling på mellom 6 og 10 gradar, men dette er avgrensa til skråningshøgder på om lag 2 meter. I følgje rettleiar frå NVE (*Sikkerhet mot krikkleireskred, 2014*) kan aktsemdsområde for områdeskred avgrensast ved hjelp av terrengeanalyse.

Følgjande terrengkriterier vil i følgje rettleiar frå NVE fange opp område der det kan gå områdeskred:

Kriterier	Aktuelt i området?
Jevnt hellande terrengrunn brattare enn 1:20 og total skråningshøgde > ca 5 m	Nei Terrenget er for det meste flatt, skråning på mellom 6 og 10 gradar avgrensar til elvebredden.
I platåterrengrunn: Høgdeforskellar på 5 meter eller meir, inkl dybde til elvebunn/fot marbakke.	Nei
Maksimal bakovergripande skredutbredelse: 20x skråningshøgde, målt frå fot skråning/marbakke/botn ravine.	Nei Avstand frå skråning til planområde: ca 120 m. Høgde skråning: 2-3 meter

Med bakgrunn i dette konkluderer ein med at topografien i området tilseier at arealet ikkje ligg innanfor eit område som kan være utsett for områdeskred. Reguleringsendringa opnar heller ikkje for ei utbygging som vil påføre arealet vesentleg større belastning enn i dag.

6.3. Arealbruk på dette og tilstoytande areal:

Det gamle skulebygget vert i dag nytta som lager (kjellarlokalet) og kyrkjelydstove (1.etg). Kyrkjelydstova skal flytte til nytt lokale. Elles står bygget tomt.

Mot vest grensar arealet til gang- og sykkelveg langs Kvivsvegen (E 39). Elles grensar eide domen til landbruksareal. Arealet ligg nær andre bustadområde.

6.4. Samferdsleanlegg

Arealet grensar til Kvivsvegen (E39). Kommunedelplan for E39 Byrkjelo-Grodås vart eigengodkjend av Hornindal kommunestyre 26/09/19 (den delen av planen som ligg i tidlegare Hornindal kommune). I denne planen er det vedtatt at E39 skal leggjast om, noko som vi føre til betydeleg mindre trafikk på vegen forbi det aktuelle området.

6.5. Kulturminne/kulturmiljø

Den Trondhjemiske postveg kryssar arealet (fig 11). Den Trondhjemiske Postvei mellom Bergen og Trondhjem vart anlagt i 1800, og er eit veghistorisk kulturminne som representerer kommunikasjonslinja mellom det som då var dei største byane i Norge. I dag er dei eldre intakte delane av vegen i stor grad i bruk, enten som turvegar eller som mindre lokalvegar. Store deler av vegen er likevel tapt under nye vregar, industriområde, bustadfelt eller dyrka mark. Heile traséen frå 1800 er i nyare tid forsøkt rekonstruert (kjelde: gislink.no).

Det finnes ikkje synlege spor etter den gamle postvegen innanfor planområdet i dag. Vegtraseen ligg i si heilheit



post@aalark.no
Tlf: 57 87 46 50

Reguleringsendring – Kyrkjhornsbakkane
Prosjektnr: 2151-2



Figur 11 Den trondhjemske postveg kryssar arealet. Kjelde: gislink.no

Kirkhorn skule vart bygd i 1939 og har vore i kommunal eige fram til 2017. Offentleg bruk over ein lang periode gjer at bygget har ein viss kulturhistorisk verdi som bør takast omsyn til.

6.6. Naturverdiar og naturmangfald/Grøntstruktur

Arealet er allereie utbygd og naturverdiar er difor i stor grad fråverande. Det er ikkje registrert prioriterte artar innanfor planområdet. Sjekk er gjort på Artsdatabanken og naturbase.

6.7. Born og unge sine interesser:

Det er ingen ting som tyder på at planområdet i dag er av særleg interesse for born og unge.

6.8. Samfunnstryggleik og beredskap


Det er god tilkomst for utsyrkingskøyretøy. Avstanden til brannstasjonen er 700 m. Det er ikkje brannhydrant eller uttak frå kum rett i nærleiken, men brannbilen kan etterfylle i elva. Næraste vassverkkum med brannventil ligg ca. 210 m frå Kirkhorn skule.

6.9. Miljøfaglege forhold, forureining og støy

Arealet grensar til E39, og ligg på Statens vegvesen sine støyvarselkart delvis innanfor raud og gul støysone. Støyvarselkarta frå statens vegvesen syner ei prognose 15-20 år fram i tid. I dette tilfellet tek ikkje prognosane høgde for at det nyleg vart vedteken at

vegen skal leggjast om. ÅDT på vegstrekninga forbi planområdet var i 2018 på 2650 med ein andel lange køyretøy på 13%. Trafikkmengd er eit av dei viktigaste parametrane i støyberekningsmodellen.

Med bakgrunn i at vegen skal leggjast om kan ein rekne med ein vesentleg reduksjon i trafikken forbi planområdet. ÅDT for Kvivstunellen var i 2018 på 1750, og gjennom Grodås sentrum 2650. Dersom ein legg til grunn at det meste av trafikken som går gjennom Kvivstunellen i framtida vil køyre den nye vegen, kan ein anslå at lokaltrafikken utgjer rundt 900 (2650-1750). Grovt rekna vil ein altså redusere trafikken med 66%. Det er også sannsynleg at andelen lange køyretøy vil verte kraftig redusert. Fig 12 syner ulike alternativ for vegtrasé gjennom Hornindal (svarte linjer; stipla linjer synar tunellar). Den midtre traseen vart valt, og E39 vil difor i framtida ligge godt utanfor planområdet.



Figur 12 Ulike alternativ for ny E39 gjennom Hornindal, samt ÅDT for vegane i området. Planområdet markert med raud ring. Kart: vegvesen.maps.arcgis.com. Tal for ÅDT: vegkart.no.

7. Skildring av reguleringsendringa

7.1. Endringar i plankartet

- Arealformål er endra fra offentlege bygningar til bustader, parkering, uteoppahldsareal og anna veggrunn/grøntareal.
- Frisiktsone i reguleringsplan for E39 Grodås-Lødemel strekk seg inn i planområdet. Denne vert difor også lagt inn i reguleringsendringa.
- Raud og gul støysone etter T-1442 er lagt inn i plankartet.
- Støyskjerm er lagt inn i plankartet
- Omsynssone for bevaring (H570) er lagt inn i plankartet (Kirkhorn skule)

7.2. Endringar i føreseggnene

Bygningane sin karakter

Endringa legg opp til at eksisterande bygningsmasse skal nyttast. Bygget er i tre etasjar, og føreseggnene vert difor endra i tråd med dette. Det vert og lagt inn i føreseggnene at hovudtrekka i fasaden skal takast vare på, men at naudsynte endringar kan tillatast. Dette kan til dømes vere endring av størrelse på vindauge eller innsetjing av utgangsdør til ein eventuell terrasse.

Utnyttingsgrad for eigedomen er i gjeldande reguleringsplan 45%. Dette vert oppretthaldt i endringa, men ein presiserer at dette gjeld område B1 ettersom det i gjeldande føresegner berre er referert til offentlege bygg.

Parkering

Parkering skal opparbeidast innanfor f_SPP. Det er lagt inn krav om minst 1,5 P-plass pr bueining.

Støy

Det er gjennomført støyvurdering av Sweco (juni 2020). Rapporten syner at det ikkje vil vere mogleg å skjerme bygningen slik at alle fasadar får støynivå Lden under 55 dB, men Sweco vurderer det likevel slik at intensjonane i T-1442 vil kunne tilfredsstilla. Avbøtande tiltak mot støy er innarbeida i føreseggnene.

Uteoppahldsareal/nærleikeplass

Felles uteoppahldsareal/nærleikeplass skal opparbeidast innanfor F_BUT. Føreseggnene sikrar at leikeplassen skal vere utstyrt med sandkasse, benk og minst eitt leikeapparat. I tillegg vil det vere aktuelt å opparbeide eigne private uteoppahldsareal på bakkeplan mot vest og i form av balkong mot sør og aust. Detaljane kring dette vert utarbeida i samband med byggjesak der ein og vil nytte kulturminnafagleg kompetanse for å finne gode løysingar.



Følgjande endringar er innarbeidd i føresegnene (endringane er vist med raud skrift):

Endring av pkt. 1.1.1 Bygningane sin karakter:

I Kirkhornsbakken skal det byggast frittliggende bustadhus. På "store" tomtar kan det, med bygningsrådet sitt samtykke, førast opp vertikaldelede hus.

Bygningane skal ha saltak eller valmatak. Takvinkelen vert fastsett av kommunen.

På område B1 innafor omsynssone bevaring (H570) kan eksisterande bygningsmasse (gamle Kirkhorn skule) byggjast om med inntil 6 bueiningar. Det opphavelege eller karakteristiske uttrykket med omsyn til utforming, materialbruk, fargar og utføring skal bevarast. Naudsynte endringar/tilpassingar som følge av bruksendring kan tillatast i samråd med kulturminnefagleg sakknyndige.

Endring av pkt. 1.1.3. Bygningane si høgd:

Bustadhus skal førast opp som 1 etasjes hus, dvs. hus med sokkel og hovudetasje. Med bygningsrådet sitt samtykke kan det, på tomtar der tilhøve ligg til rette for det, førast opp hus i 2 etasjar. Gesimshøgda for 1 etasjes hus skal ikkje overstige 4 meter. Gesimshøgda for 2 etasjes hus skal ikkje overstige 7 meter. På område B1 kan bustadhus oppførast i 3 etasjar.

Endring av pkt. 1.1.5. Garasjar og parkering:

På kvar bustadtomt skal det settast av areal til minst 1 garasjeplass. Den skal førast opp som frittliggende garasje, evt. som tilbygg til bustadhuset der tilhøva ligg til rette for det. Garasjen skal tilpassast bustadhuset med omsyn til materialval, form og farge. Garasjar og boder kan plasserast med vegg i nabogrense innanfor ramma av byggeforskriftene Plassering av garasje og boder skal vere vist på situasjonsplanen som følger byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om dei ikkje skal førast opp samtidig med dette. På område B1 skal det opparbeidast felles parkeringsplass innanfor f_SPP med minst 1,5 parkeringsplass pr Rueining.

Endring av pkt. 1.1.6 Tilhøvet mellom bebygd og ubebrygd grunnareal på dei enkelte tomtar:

Bygningane skal førast opp i 1 etasje, (unntaksvise i 2 eller 3 etg.) der grunnflata inklusive garasje ikkje skal overstige 20 % av tomten sitt nettoareal. For B1 skal grunnflata inklusive garasje ikkje overstige 45% av tomten sitt nettoareal.

Lagt til pkt. 1.3 Tiltak mot støy:

grenseverdiane gitt i tabell 3 i Klima- og miljødepartementets retningslinje T-1442/2016 gjerast gjeldande for planen. Unntak for fasadar som vender mot E39/Kvivsvegen, der det tillatast overskridning av grenseverdiane for vegtrafikkstøy. Som avbøtande tiltak skal følgjande oppfyllast:

- Alle Rueiningar skal vere gjennomgåande og ha ei stille side der støygrensene i tabell 3 er tilfredsstilt. Minimum 1 soverom skal ligge mot stille side.

- Alle bueingar skal ha tilgang til uteareal (felles eller privat) der støygrensene i tabell 3 er tilfredsstilt.
- Det skal etablerast støyskerm som vist på plankartet og i tråd med støyvurdering utarbeida av Sweco 12.06.2020.
- I samband med rammesøknad skal det leggjast fram naudsynt dokumentasjon på at krav til støytiltak er oppfylt. Alle støyskjermstiltak skal være gjennomført før det kan gjevest bruksløyve.
- Ved ombygging av Kirkhorn skule er planloysing datert 25.02.2021 bindande for 1., 2. og 3. etasje - i høve støy.

Endring av pkt. 6.2. Felles leikeområde:

Fellesarealet mellom felt A og C skal nyttast til felles leikeplass for tom nr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7 og 13. Fellesarealet mellom felt B og D skal nyttast til felles leikeareal for tomt nr. 8, 9, 10, 11, 12, 14, 15 og 35. Fellesarealet i søraustre del av felt D skal nyttast til felles leikeplass for tomt nr. 36, 37, 38, 39, 40, 41 og 42. Fellesarealet i sørvestre del av felt C skal nyttast til felles leikeplass for tomt nr. 25, 26, 27, 28, 29, 30, 31, 32, 33 og 34. Fellesarealet i vestre del av felt C skal nyttast som felles leikeareal for tomt nr. 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 23 og 24.

For område B1 skal det opparbeidast felles uteområde/nærleikeplass innanfor f_BUT.

Nærleikeplassen skal vere utstyrt med minimum sandkasse, benk og eitt leikeapparat. Det skal setjast opp gjerde mellom leikeplassen og parkeringsarealet (f_SPP). F_BUT skal vere opparbeidd før det kan gjevest bruksløyve.

7.3. Teknisk infrastruktur

Eksisterande bygg er knytt til kommunale VA-leidningar. I samband med byggjesak må det gjerast ei vurdering av vasstilknytinga til bygget. Gjeldande VA-norm skal leggjast til grunn.

8. Verknader av planframlegget

8.1. Overordna planer

- **Kommuneplan for Hornindal**

Reguleringsendringa er i samsvar med kommuneplanen sin arealddel der området er avsett til bustadføremål. Endringa er også i tråd med intensjonane i kommuneplanen om å skape eit sentrumsområde med eit differensiert bustadtibod der det er rom for både einebustader og små og store leilegheiter.

- **Gjeldande reguleringsplan**

I gjeldande reguleringsplan for Kyrkjhorngsbakkane bustadfelt er arealet avsett til offentlege bygningar. Dette vert no endra til bustadføremål. Det er frå kommunen si side ikkje lenger ønskjeleg å nytte arealet til offentlege føremål.

8.2. Landskap og estetikk

Planendringa vil ha ubetydelege konsekvensar for landskap og estetikk ettersom ein legg opp til ei opprusting av eksisterande bygningsmasse.

8.3. Konsekvensar for naboar

Ein kan ikkje sjå at omdisponering av arealet frå offentlege bygg til bustader vil ha negative konsekvensar for naboen. I dag vert bygget nytt som lager (kjellarlokalet) og kyrkelydstove. Kyrkelydstova skal i nær framtid flytte til nytt lokale. Ei ombygging til leilegheiter vil skape eit meir variert bustadtibod innanfor Kyrkjhorngsbakkane bustadfelt og vil være eit positivt bidrag til utviklinga av sentrumsområdet.

8.4. Naturmangfold

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilfredsstillande i forhold til Naturmangfaldlova (nml) § 8.

Det er ikkje registrert prioriterte artar eller utvalde naturtypar innanfor planområdet. Det er ikkje grunn til å anta at det føreligg spesielle verdiar i høve biologisk mangfold. Sjekk er gjort på Artsdatabanken/artskart og naturbase.

Planframlegget vil med bakgrunn i denne kunnskapen ikkje føre til irreversibel skade for naturmiljø eller enkelt-artar, jamfør nml § 9. Det er ikkje vurdert som sannsynleg at planframlegget vil gje vesentleg auke i samla belastning på økosystem, jfr nml § 10.

I forhold til nml § 12 sitt krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar føreset planframlegget gjennom plankart og føresegnerne at utbygginga skal gjerast på ein miljøfagleg god måte.

Det ligg innanfor føresettnadane med planen at kostnadane ved utfyllande undersøkingar for eventuelt å fylle kravet til kunnskapsgrunnlag etter NML, skal dekkast av tiltakshavar. Det er også tiltakshavar som skal dekke kostnadar ved eventuell skade på naturmangfaldet ved gjennomføring av utbygging etter planen, jfr nml § 11.



8.5. Landbruk

Det aktuelle området grensar til landbruksareal på tre kantar. Arealet er ein del av eit allereie etablert bustadfelt der svært mange bueiningar grensar til jordbruksareal. Ein kan difor ikkje sjå at ei utviding av bustadfeltet med 6 bueiningar vil auke faren for drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området.

8.6. Vassmiljø

Planframlegget vil ikkje føre til negative konsekvensar for vassførekomstar i eller i tilknyting til planområdet. I tråd med vassforskrifta §4 skal det ikkje førekome arealbruk som gjer tilstanden til vassforekomstane dårlegare.

8.7. Kulturminne/kulturmiljø

Den Trondhjemske postveg

Traséen til den Trondhjemske postveg kryssar arealet, men det finnast i dag ingen spor etter vegen i planområdet. Arealet vart teken i bruk som byggjegrunn på 1930-tallet, og ei gjenskaping av postvegen i dette området er ikkje praktisk mogleg. Planforslaget får difor ingen konsekvensar for postvegen og ein ser ingen grunn til å leggje inn ei omsynssone for noko som ikkje lenger er der.

Kirkhorn skule

Kirkhorn skule vart bygd i 1939 og har vore i kommunal eige fram til 2017. Offentleg bruk over ein lang periode gjer at bygget har ein viss kulturhistorisk verdi, og ein ønskjer difor å bevare dei arkitektoniske hovudtrekkna i fasaden. Dette er lagt inn i føresegnene. Det er og lagt inn omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570) i plankartet. Ei ombygging til leilegheiter vil likevel krevje tilpassingar, noko som skal gjerast greie for i samband med byggesak og i tett dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune. Det kan mellom anna verte aktuelt å søkje om dispensasjon frå kravet om heis ettersom ein ser at det kan verte vanskeleg å finne løysingar som ikkje reduserer det arkitektoniske uttrykket til bygget.

Innvendig har bygget vore gjenstand for ei rekke endringar og oppgraderingar, og det finnast difor svært få originale bygningsmessige detaljar.

8.8. Barn og unge sine interesser

Det er stilt konkrete krav til utforminga av areal som skal brukast av barn og unge i *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, i Rundskriv T-2/08 og T-1513*.

Essensen i desse er at: I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø. Dette føreset at arealet:

- Er store nok og eignar seg for leik og opphold
- Gjev mogleghet for ulike typar leik til ulike årstider
- Kan brukast av alle aldersgrupper og gjev mogleheit for samhandling mellom barn, unge og vaksne.



aaland
arkitektkontor

post@aalark.no

Tlf: 57 87 46 50

Reguleringsendring – Kyrkjhornsbakkane
Prosjektnr: 2151-2

Det skal opparbeidast felles uteareal/leikeareal på eideomen. Dette skal opparbeidast slik at ein oppnår tilfredsstillande skjerming mot vegtrafikkstøy. Utearealet skal tilfredsstille krava i byggeteknisk forskrift. Det er stilt krav i føresegne om at utearealet skal opparbeidast før det kan gjevest bruksløye.

Arealet grensar til gang- og sykkelveg. Det er om lag 500 m til skule med tilhøyrande leikeareal og idrettsanlegg.

8.9. Trafikk vegnett og parkeringsforhold

Utbygging i samsvar med planen vil gje ei ubetydeleg auke i trafikken på vegane i området.

Parkering handterast innad på eideomen i tråd med føresegne.

8.10. Teknisk infrastruktur

Utbygginga medfører ikkje krav til opprusting av teknisk infrastruktur utanfor planområdet.


8.11. Tiltak mot støy

Det er gjennomført støyvurdering i juni 2020 (Sweco). Rapporten syner at det er mogleg å få til ei skjerming av heile utearealet dersom skjermen er 2,0 m høg og trekkast inn også sør på tomta.



Figur 13 Støy nivå Lden frå vegtrafikkstøy ved uteoppahaldsareal med skjermhøgde 2 m. Illustrasjon: Sweco

Med skjermhøgde 2,0 m vil bygget få stille side mot aust i alle etasjar og mot sør i første etasje.



Figur 14 Støy nivå Lden ved fasadar med skjermhøgde 2 m. Illustrasjon: Sweco

Rapporten konkluderer med at intensjonen til støyretningslinja T-1442 vil kunne tilfredsstilla sjølv om ein ikkje vil kunne skjerme bygningen slik at alle fasader får støynivå Lden under 55 dB.

- Ingen fasader vil ha støynivå tilsvarande raud sone (Lden over 65 dB)
- Alle bueiningane vert gjennomgåande med stille side mot aust. Bueiningane i første etasje vil og kunne få stille side mot sør.
- Planløysingar kan utformast slik at alle bueiningar får minst eitt soverom mot stille side.
- Tomta vil få uteoppholdsareal med tilfredsstillande støynivå.

Krav til innendørs støynivå er ikkje berekna, men skal gjerast i ei seinare fase når endeleg planløysing vert utarbeidd. Det er ikkje planlagt balkongar på nord- og vestsida av bygget. Støyskjermen er innteikna i plankartet.

Følgjande krav er sett i føresegne:

- Alle bueiningane skal vere gjennomgåande, og minst eitt soverom skal vende mot stille side.
- Alle bueiningane skal ha tilgang til uteareal (felles eller privat) der støygrensene i T-1442 er tilfredsstilt.
- Det skal etablerast støyskerm i tråd med støyvurdering.
- For å sikre at tiltak mot støy vert gjennomført på tilfredsstillande vis skal det leggjast fram naudsynt dokumentasjon i samband med rammesøknad.
- Alle støyskjermingstiltak skal vere gjennomført før det kan gjevast bruksløyve.

Ein tek og med i vurderinga at den vedtekne omlegginga av E39 vil ha stor effekt på vegtrafikkstøyen i området. Det er difor sannsynleg at bygningsmassen i framtida ikkje lenger vil ligge innanfor støysona.

9. ROS-Analyse

ROS-analysen følger metoden i DSB rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» fra 2017. For Sjekkliste for uønska hendingar og skjema for vurdering av risiko og sårbarheit: sjå vedlegg 1 og 2.

Skildring av planområdet

Det aktuelle området er ein del av Kyrkjhorngsbakkane bustadfelt i Volda kommune (tidlegare Hornindal). Reguleringsendringa er avgrensa til gbnr 205/8. Området er flatt og utgjer 1,5 daa. Mot vest grensar arealet til Kvivsvegen. Elles grensar eigedomen til landbruksareal. Det er fin utsikt mot Hornindalsvatnet.

Utbyggingsføremålet

Gjennom reguleringsendringa ønskjer ein å legge til rette for bustader i staden for offentlege bygningar innanfor gbnr 205/8. Tiltakshavar ønskjer å nytte den gamle skulebygningen til bustadføremål og ser føre seg ei ombygging til inntil 6 leilegheiter.

Bygget som står på eigedomen er oppført i 1939, og var fram til midten av 1970-talet nytta som skule. Etter den tid har det vore ulike aktivitetar i bygget, mellom anna fritidsklubb, bibliotek, kyrkjelydstove og kafé/pub. Bygget var i kommunen si eige fram til 2017. Det er frå kommunen si side ikkje lenger ønskjeleg å nytte arealet til offentlege føremål.

Vurdering av tryggleik mot naturpåkjenningar

Skred

Det er gjennomført skredfarekartlegging som inkluderer det aktuelle området (Skredfarekartlegging i Hornindal kommune, NVE 2015). Rapporten syner at deler av arealet ligg innanfor faresone for skred (lausmasseskred og flaum, nominell årleg sannsyn $\geq 1/5000$). Omsynssone for skred er ikkje lagt inn i plankartet ettersom føresegnene ikkje opnar opp for bygg i tiltaksklasse 3.


Flaum

I samband med utarbeiding av kommunedelplan E39 Byrkjelo – Grodås er det gjennomført flaumkartlegging av Horndøla (Sweco 2018). Kartlegginga syner at det aktuelle området ikkje er utsett for flaum frå Horndøla. Når det gjeld Kyrkjhorngselva syner kart frå NVE atlas at aktsemdsområdet følgjer elva med ei breidde på 75 meter (37,5 m på kvar side). For planområdet er omsynssonane til dei to elvane overlappande, men ein må kunne anta at omsynsona knytt til Kyrkjhorngselva også her er avgrensa til 37,5 meter på kvar side. Planområdet ligg mellom 70 og 110 m frå elva, og ein konkluderar difor med at det ligg utanfor aktsemdsområdet.

Kvikkleire

I følgje lausmassekart frå NGU finn ein elveavsetjingar innanfor planområdet. Arealet ligg under marin grense, og i følgje kart frå NGU er moglegheit for marin leire stor. Hav og fjordavsetjingar vil da kunne finnast under elveavsetjingane som finnast i overflata. Området med mogleg marin leire er relativt slakt. Nær elva, kring 120 m frå planområdet, finn ein dei brattaste skråningane med ei helling på mellom 6 og 10 gradar. Dette er avgrensa til skråningshøgder på om lag 2 meter.

I følgje rettleiarar frå NVE (*Sikkerhet mot kvikkleireskred, 2014*) kan aktsemrdsområde for områdeskred avgrensast ved hjelp av terrenganalyse. Med bakgrunn i dette konkluderer ein med at topografien i området tilseier at arealet ikkje ligg innanfor eit område som kan være utsett for områdeskred (sjå også kap. 6.2). Reguleringsendringa opnar heller ikkje for ei utbygging som vil påføre arealet vesentleg større belastning enn i dag. Det er difor ikkje vurdert som naudsynt med ytterlegare utgreiingar.



Figur 15 Planområdet (markert med raudt omriss) ligg sentralt plassert med gangavstand rett nord for sentrum

Vurdering av sannsynskategoriar

Høg	Meir enn 1 gang kvart 10 år
Middels	I gjennomsnitt ei hending pr 10-100 år
Låg	Sjeldnare enn ei hending pr.100 år

Vurdering av konsekvenskategoriar

	Store	Middels	Små
Liv og helse	Dødelege skadar fleire personar	Dødelege skadar rein person	Personskadar
Stabilitet	Varig skade på- eller tap av samfunnsverdiar	Kortvarig skade på- eller tap av samfunnsverdiar	Ubetydeleg skade på- eller tap av samfunnsverdiar
Materielle verdiar	Materielle skadar over 1.000.000 kr	Materielle skadar 100.000-1000.000 kr	Materielle skadar <100.000 kr

Venta konsekvens av klimaendringane for planområdet

Klimaprofil for Sogn og Fjordane (2016) viser at det er venta ei auke i temperatur på 4 °C fram mot år 2100 samanlikna med perioden 1971-2000. Vidare er det venta ei auke på 15% i årsnedbør og 15% for døgn med kraftig nedbør, noko som vil stille større krav til handtering av overvatn i framtida. Det er venta fleire og større regnflaumar. Anbefalt klimapåslag på flaumvassføring er 20% eller 40% for alle nedbørfelt, avhengig av plassering og flaumsesong.

Rapport frå Sweco syner at sjølv med klimapåslag på 20% ligg området utanfor flaumfare.

Risiko og sårbarheit i planområdet

Gjennom ROS analysen er desse sårbarhetene avdekket (sjå vedlegg 1 og 2)

- Lausmasseskred

Tiltak som må gjennomførast for å sikre tilstrekkeleg tryggleik i planområdet

Hending	Tiltak	Oppfølging gjennom plan
Lausmasseskred	Det vert ikkje opna opp for tiltak i tryggleiksklasse S3	Føresegner

10. Medverknad og innkomne merknader

10.1. Innkomne merknadar ved planoppstart

I samband med oppstartsfasen av planarbeidet og ved kunngjering av planoppstart, er det komne inn 5 innspel og merknader.

Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er som følgjer:

Innspel frå:	Dato	Innhald i merknad	Vurdering
Fylkesmannen i Vestland	30.09.19 28.10.19	<p>Endringa av reguleringsplanen kan ikkje handsamast etter den enklare prosessen. Det er grunnlag for å fremje motsegn til planforslaget utifrå manglante vurderingar knytt til støy og samfunnstryggleik og beredskap. Etterspor utgreiingar knytt til støy, landbruksinteresser, flaum og kvikkleire.</p> <p>Viser til generelt skriv med merknadar til oppstart av reguleringsplanarbeid.</p> <p>Barn og unge: utforming av leikeareal og tidspunkt for opparbeiding må vere sikra gjennom føreseggnene. Rår kommunen til å stilla konkrete krav i føreseggnene som sikrar at leikeareal får til dømes sandkasse, benk, noko fast dekke og inngjerding.</p> <p>Uteopphaldsareal/folkehelse: Uteareala bør strukturerast og utformast slik at innhald og kvalitet stimulerer til sosial kontakt og bruk for alle brukargrupper. Det er samstundes viktig å sikra store nok uteopphaldsareal der den enkelte kan trekka seg tilbake.</p> <p>Støy: Det er viktig at kommunen avklarar støy i reguleringsplanprosessen. Retningslinjene i rettleiar T-1442 må følgjast opp med konkrete føresegner og tiltak. Planforslaget må dokumentera at avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støyforhold i området. Avbøtande tiltak må gå fram av planforslaget, og vere heimla i planføreseggnene.</p>	<p>Merknad teken til vitande. Etter at merknaden kom inn vart det varsle oppstart av arbeid med reguleringsendring. Planforslaget gjer greie for støy, landbruksinteresser, flaum og kvikkleire.</p> <p>Teken til vitande</p> <p>Det er lagt inn i føreseggnene at det skal opparbeidast felles uteområde/leikeareal. Dette skal tilfredsstille krava i byggeteknisk forskrift og skal vere opparbeidd før det kan gjevast bruksloyve.</p> <p>Teken til vitande og innarbeidd i føreseggnene (sjå over).</p> <p>Grenseverdiane gitt i tabell 3 i Klima- og miljødepartementets retningslinje T-1442/2016 gjerast gjeldande for planen. Unntak gjevast for fasadar som vender mot E39/Kvivsvegen, der det tillatast overskridning av grenseverdiane for vegtrafikkstøy. Det er stilt krav om at avbøtande tiltak skal gjennomførast før det kan gjevast bruksloyve. Støyfagleg vurdering skal fremleggjast i samband med rammesøknad. Dette er i tråd med rettleiar til T-1442 kap. 3.2.</p>

		Landbruk, samfunnstryggleik og beredskap: syner til merknad datert 30.09.19.	Merknad teken til vitande og gjort greie for i planomtalen.
NVE	10.10.19	Gir råd om rettleiarar og verktoy som kan nyttast i planlegginga. Minner om at NVE skal ha planen tilsendt ved offentleg ettersyn dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde.	Merknad teken til vitande.
Statens vegvesen	07.10.19	<p>Byggjegrense må setjast slik at det er mogleg å drifte begge sider av gang og sykkelveg.</p> <p>Siktsoner og målsette siktlinjer skal vere i samsvar med krava i N100 og må forankrast i planen sine føresegner.</p> <p>Støy frå E39 må løysast som ein del av reguleringsarbeidet eller byggesaka.</p>	<p>Ingen endring i bygggrense i høve opphavleg plan.</p> <p>Frisiksone er innteikna (kopiert frå reguleringsplan for E39 Grodås-Lødemel) og omtalt i føresegndene (pkt. 3.1.2). Støy skal løysast i samband med byggesak. Dette er omtalt i føresegndene.</p>
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	31.10.19	<p>Etterspør ei vurdering av interessene knytt til bruken av bygget som møteplass og korleis omdisponering av bruken vil påverka desse interessene.</p> <p>Sentral plassering gjer godt grunnlag for å kunne gå eller sykle. Dette er positivt og i tråd med regionale og nasjonale føringer.</p> <p>Den Trondhjemiske postveg: Kan ikkje finne dokument som tyder på at parsellen er ført attende til grunneigarane. Postvegen er eit viktig lokalt og regionalt kulturminne med stort potensiale for framtidig utviklings- og folkehelsetiltak. Omsynssone må sikre at det ikkje vert gjort unødig skade på vegen gjennom nye tiltak.</p> <p>Skulebygning: Offentleg bruk over ein lang periode gjer at bygget har høg kulturhistorisk verdi. Tílrår bruk av omsynssone H570 bevaring av kulturmiljø + føresegner for å sikre at bygningen ikkje rivast og at fasadane ikkje skal endrast. Kommunen bør og vurdere innvendig omsynssone på fast inventar som dører, listverk, trapperom mm.</p>	<p>Bygget vert i dag nytta som kyrkjelydstove, men denne bruken skal flytte til nye lokalar. Elles har bygget ingen funksjon som møteplass i dag.</p> <p>Traseen som kryssar eigedomen ligg i si heilheit under bebrygd eller asfaltert areal. Ein kan difor ikkje sjå at ei omsynssone vil ha noko hensikt ettersom denne delen av vegen har vore tapt sidan 1930-talet.</p> <p>Opplyst feil byggjear i oppstartsvarselet. Riktig årstal skal vere 1939 (ikkje 1929). Ein ønskjer å ruste opp eksisterande bygningsmasse til eit leilegheitsbygg med bueiningar i tre etasjar. Det vil difor være naudsynt med eit mindre tilbygg med heis (mot aust), noko som gjer det vanskeleg å bevare eksisterande fasade i si heilheit. Ein ønskjer likevel å bevare dei arkitektoniske hovudtrekkja når det gjeld tak, bygningsform, materialbruk og liknande. Dette vert lagt inn i føresegndene. Innvendig er svært få opphavlege detaljar bevart, og bruk av omsynssone er difor ikkje relevant.</p>

10.2. Merknadar etter offentleg ettersyn

Innspel frå:	Dato	Innhald i merknad	Vurdering
NVE	30.03.20	NVE gjev ei generell tilbakemelding og ikkje konkret fråsegn i denne saka.	
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	27.04.20	<p>Samfunnstryggleik og klimatilpassing Planområdet ligg delvis innanfor 5000-års skredet. Ber om at det vert lagt inn omsynssone sjølv om det ikkje er planlagt S3-tiltak</p> <p>Støy Ueinig i vurderinga som seier at planområdet ligg innanfor det som rettleiar M-128 meiner med avvikssone. Dersom bygningen skal nyttast til støyfølsamt bruk må ein sikre at både fasade, leikeareal og uteområde har tilstrekkeleg gode støytillhøve. Det må føreligge støyfagleg utgreiing som syner kva for støyreduserande tiltak som er nødvendige. Tiltaka skal nedfallast både i plankart og føresegner.</p> <p>Barn og unge Leikeareal må plasserast i plankartet med eige føremål. Det må gå fram av føresegnene at nærliekeplassen skal vere utstyrt med minimum sandkasse, benk og eitt leikeapparat. Leikearealet skal være minimum 200 m², skjerma mot støy, solrikt, ikkje for bratt eller smalt og sikra mot trafikk- og annan fare.</p> <p>Det må dokumenterast at ein greier å bygge bustadar som oppfyller krava til støy som stillast i føresegnene</p>	Reguleringsendringa er avgrensa til ein svært liten del av ein eldre plan. Det vert difor misvisande om ein legg inn føresegner for omsynssone som vil gjelde heile planen når omsynssona berre vert inntekna på ei enkelttomt. Dei kartlagde faresonenene gjeld i realiteten fleire områder i den gamle planen. Reguleringsendringa opnar ikkje opp for S3-tiltak, og omsynssona vert difor heller ikkje relevant. Det er gjennomført støyfagleg utgreiing. Rapporten konkluderer med at intensjonen til støyretningslinje T-1442 vil kunne tilfredsstilla for tiltaket. Tiltak er innarbeida i plankart og føresegner. Innarbeida i revisert forslag Det er utarbeida planteikningar som syner at det er mogleg å bygge 6 leilegheiter som stettar krava i føresegnene.
Møre og Romsdal fylkeskommune	24.04.20	<p>Planfaglege merknadar Parkeringsareal, tilkomst og uteareal må sikrast i reguleringsplanen gjennom plankartet.</p> <p>Samferdsel Planavgreninga bør utvidast til å inkludere avkjørsel frå pv.99808, så frisiktlinjer ut på E39 kjem tydeleg fram av plankartet.</p>	Innarbeida i revisert forslag Denne frisiktsona ligg allereie i reguleringsplan for Grodås – Lødemel (planid 20100003). For å unngå to overlappande reguleringsplanar er det difor ikkje ønskjeleg å utvide planområdet. Den delen av

		<p>Kulturminne frå nyare tid Rår til at skulen vert regulert til bevaring, og at det vert sett krav til korleis den må verte bevart i samband med ny bruk. Tilbyr synfaring for å få på plass føresegner som er meir konkrete.</p>	frisiktsona som gjeld planområdet er inntekna. Det er gjennomført synfaring der ein hadde ein god dialog om den vidare prosessen. Det var semje om at detaljar skulle handsamast i samband med byggesaka og i dialog med fylkeskommunen. Omsynssone er lagt inn i reguleringsplanen.
Statens vegvesen	03.04.20	<p>Det må dokumenterast gjennom støyfagleg vurdering at grenseverdier i T-1442 kan oppnåast. Naudsynte tiltak må visast i plankartet.</p> <p>Tilkomst må skje som i dag frå den private vegen.</p> <p>Planområdet bør utvidast slik at det inkluderar avkøysla til E39 og frisiktsoner. Eventuell støyskjerm må ikkje plasserast i siktsona.</p> <p>Det bør og regulerast eit areal til anna veggrunn mellom gang- og sykkelvegen og areal avsett til bustadføremål.</p> <p>Byggegrense mot veg må fastsettast slik at eventuelle endringar på bygget ikkje gjer at det kjem nærrare E39 enn dagens fasade.</p>	<p>Det er gjennomført støyfagleg utgreiing. Støyskjerm er vist i plankartet.</p> <p>Tilkomst vert framleis frå den private vegen, men vert flytta nokre meter mot aust for å gje plass til støyskjerm.</p> <p>Planområdet vert ikkje utvida fordi ein ikkje ønskjer overlapping med anna reguleringsplan. Støyskjerm vert plassert utanfor siktsona.</p> <p>Innarbeida i planforslaget</p> <p>Byggegrensa følger bygningskroppen på vestsida slik at tiltaket ikkje kjem nærrare E39. Byggegrensa er vidareført uendra frå gjeldande plan.</p>

10.3. Oversikt over utførte endringar i plandokumenta etter offentleg ettersyn

Utførte endringar

Generelt: Endra tekst slik at det kjem fram at planområdet no ligg i Volda kommune.

Lagt til avsnitt i kap 4 om endringar i plandokumenta etter offentleg ettersyn.

Endringar i planomtale

Endra tekst i kap 3

Opphaveleg tekst: Tiltakshavar ønskjer å nytte den gamle skulebygningen til bustadføremål og ser føre seg ei ombygging til 4 til 6 leilegheiter (2 i kvar etasje).

Ny tekst: Tiltakshavar ønskjer å nytte den gamle skulebygningen til bustadføremål og ser føre seg ei ombygging til inntil 6 leilegheiter.

Oppdatert tekst i kap 7.1 Endringar i plankartet

- Arealformål er endra fra offentlege bygningar til bustader, parkering, uteoppahaldsareal og anna veggrunn/grøntareal.
- Frisiktsone i reguleringsplan for E39 Grodås-Lødemel strekk seg inn i planområdet. Denne vert difor også lagt inn i reguleringsendringa.
- Raud og gul støysone etter T-1442 er lagt inn i plankartet.
- Støyskjerm er lagt inn i plankartet
- Omsynssone for bevaring (H570) er lagt inn i plankartet (Kirkhorn skule)

Endra kap 7.2

Parkerings

Ny tekst: Parkering skal opparbeidast innanfor f_SPP. Det er lagt inn krav om minst 1,5 P-plass pr bueining.

Støy

Ny tekst: Det er gjennomført støyvurdering av Sweco (juni 2020). Rapporten syner at det ikke vil vere mogleg å skjerme bygningen slik at alle fasadar får støynivå Lden under 55 dB, men Sweco vurderer det likevel slik at intensjonane i T-1442 vil kunne tilfredsstillast. Avbøtande tiltak mot støy er innarbeida i føresegndene.

Uteoppahaldsareal/nærleikeplass

Ny tekst: Felles uteoppahaldsareal/nærleikeplass skal opparbeidast innanfor F_BUT. Føresegndene sikrar at leikeplassen skal vere utstyrt med sandkasse, benk og minst eitt leikeapparat. I tillegg vil det vere aktuelt å opparbeide eigne private uteoppahaldsareal på bakkeplan mot vest og i form av balkong mot sør og aust. Detaljane kring dette vert utarbeida i samband med byggjesak der ein og vil nyte kulturminnerefagleg kompetanse for å finne gode løysingar.

Endra kap 8.7 Kulturminne/kulturmiljø

Kirkhorn skule

Ny tekst: Kirkhorn skule vart bygd i 1939 og har vore i kommunal eige fram til 2017. Offentleg bruk over ein lang periode gjer at bygget har ein viss kulturhistorisk verdi, og ein ønskjer difor å bevare dei arkitektoniske hovudtrekka i fasaden. Dette er lagt inn i føresegndene. Det er og lagt inn omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570) i plankartet. Ei ombygging til leilegheiter vil likevel kreve tilpassingar, noko som skal gjerast greie for i samband med byggjesak og i tett dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune. Det kan mellom anna verte aktuelt å søkje om dispensasjon frå kravet om heis ettersom ein ser at det kan verte vanskeleg å finne løysingar som ikkje reduserer det arkitektoniske uttrykket til bygget.

Endra kap 8.11 Tiltak mot støy

Teksten er endra i tråd med rapporten frå Sweco.

Endringar i føresegndene

1.1.1 Bygningane sin karakter

Opphaveleg tekst: På område B1 kan eksisterande bygningsmasse (gamle Kirkhorn skule) byggjast om med intil 6 bueiningar. Hovudtrekka i fasaden skal takast vare på, men naudsynte endringar/tilpassingar som følgje av bruksendring kan tillatast.

Ny tekst: På område B1 innanfor omsynssone bevaring (H570) kan eksisterande bygningsmasse (gamle Kirkhorn skule) byggjast om med inntil 6 bueingar.). Det opphavelege eller karakteristiske uttrykket med omsyn til utfoming, materialbruk, fargar og utførelse skal bevarast. Naudsynte endringar/tilpassingar som følge av bruksendring kan tillatast i samråd med kulturminnefagleg sakkyndige.

1.1.5 Garasjar og parkering

Opphaveleg tekst: For område B1 skal det opparbeidast felles parkeringsplass med minst 1,5 parkeringsplass pr bueing.

Ny tekst: For område B1 skal det opparbeidast felles parkeringsplass innanfor f_SPP med minst 1,5 parkeringsplass pr bueing.

Endra 1.3 Tiltak mot støy

Opphaveleg tekst:

(.....)

- I samband med rammesøknad skal det leggjast fram støyfagleg vurdering og naudsynt dokumentasjon på at krav til støytiltak er oppfylt. Alle støyskjermingstiltak skal være gjennomført før det kan gjevast bruksløyve.

Ny tekst:

(.....)

- Det skal etablerast støyskerm som vist på plankartet og i tråd med støyvurdering utarbeida av Sweco 12.06.2020.
- I samband med rammesøknad skal det leggjast fram naudsynt dokumentasjon på at krav til støytiltak er oppfylt. Alle støyskjermingstiltak skal være gjennomført før det kan gjevast bruksløyve.

Endra 6.2 Felles leikeområde

Opphaveleg tekst: For område B1 skal det opparbeidast felles uteområde/leikeareal. Dette skal tilfredsstille krava i byggeteknisk forskrift og skal vere opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve.

Ny tekst: For område B1 skal det opparbeidast felles uteområde/nærleikeplass innanfor f_BUT. Nærleikeplassen skal vere utstyrt med minimum sandkasse, benk og eitt leikeapparat. Det skal setjast opp gjerde mellom leikeplassen og parkeringsarealet (f_SPP). F_BUT skal vere opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve.

Endringar i plankart

Lagt inn regulert støyskerm i kart

Lagt til område for parkering f_SPP

Lagt til felles uteoppaldsareal/leikeplass f_BUT

Lagt til avkøryselspil

Lagt til område for anna veggrunn/grøntareal mellom areal avsett til bustadføremål og gang- og sykkelvegen.

REFERANSER

Opplysningar og data i dette dokumentet er henta frå:

Lover

Plan- og bygningslova
Naturmangfaldlova kap. 2

Forskrifter

Forskrift om konsekvensutredninger

Planlegging

KRD - planlegging
SogFj Fylkeskommune – Plan-nett
Grad av utnytting
Rettleiar reguleringsplan
Regjeringen – plankartsiden

Støy

Veileder til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)
Støyskjermer, Idekatalog; Statens vegvesen 2008;
https://www.vegvesen.no/_attachment/99460/binary/157658

ROS

DSB: Risiko, sårbarhet og beredskap
Risiko- og sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane

Trafikk/trafikktryggleik

Vegkart
Handbok N100 Veg- og gateutforming

Klima

eKlima
Klimaprofil – Sogn og Fjordane

Natur/miljø

Fylkesatlas Sogn og Fjordane
Artsdata i Artsdataregisteret
Naturbasen til Miljødirektoratet
NIBIO, Kilden - Arealinformasjon
NGU Kartinnsyn

Naturfare

NVE atlas
Rettleiarar arealplanlegging NVE
Rapport E39 Byrkjelo-Grodås - Flaumberekningar for kommunedelplan, SWECO
Sikkerhet mot kvikkleireskred, NVE 2014

Lausmassekart NGU

Kulturminner

Kulturminnesøk

Andre kjelder

Hornindal kommune sine nettsider, kommuneplanar/områdeplanar/detaljplanar og anna relevant informasjon

VEDLEGG

Vedlegg 1. Sjekkliste for potensielle, uønskte hendingar til ROS-analysen

Tema	Døme uønskte hendingar	Aktuelt i planområdet?	Grunngjeving og kjelder
STORE ULYKKER	Ulykker i næringsområde med samlokalisering av flere verksemder som handterer farleg stoff og/eller farleg avfall	Nei	Ikkje aktuelt i, eller i nærleiken av, planområdet
	Brann/eksplosjon, utslepp av farleg stoff, akutt forureining (<i>storulykkeverksemd</i>)	Nei	Ikkje aktuelt i, eller i nærleiken av, planområdet
	Brann i bygninger og anlegg (<i>t.d. tilkomst for naudetatar, slukkerasskapasitet, responstid, behov for nye beredskapstiltak</i>)	Nei	Veileder TEK17, kap. 11; Forskrift om brannforebygging §7. Området ligg ca 700 m fra brannstasjonen. Det er god tilkomst for utrykkingskøyretøy. Det er ikkje brannhydrant i nærleiken, men tankbilen kan etterfylle i elva.
	Større ulykker (<i>reg. bane, sjø, luft</i>)	Nei	DSB (kart)
NATURFARE	Overvatn	Nei	Arealet grensar til store landbruksareal med lite tette flater.
	Flaum i store vassdrag (<i>nedbørfelt >20 km²</i>)	Nei	NVE atlas, Flaumberekning SWECO 2018
	Flaumfare i små vassdrag (<i>nedbørfelt <20 km²</i>)	Nei	NVE atlas
	Erosjon (<i>langs vassdrag og kyst</i>)	Nei	Nei
	<u>Skred i bratt terreng</u> Lausmasseskred (jordskred) Flaumskred Snøskred Sørpeskred Steinsprang/ steinskred	Ja Nei Nei Nei Nei	Skredfarerrapport, NVE 2015
	Fjellskred (<i>med flodbølge som mogleg følge</i>)	Nei	Ingen kjende ustabile fjellparti i området. Kjelde: NVE-atlas
	Kvikkleireskred (<i>i områder med marine avsetningar</i>)	Nei	Planområdet ligg under marin grense, men topografien tilseier at område ikkje er utsett for kvikkleireskred. Kjelde: Lausmassekart NGU, nve atlas, nve rettleiar (sikkerhet mot kvikkleireskred)
	Stormflo i kombinasjon med havnivåstigning	Nei	NVE atlas
	Skog- og lyngbrann (<i>tørke</i>)	Nei	Ikkje aktuelt innanfor planområdet

Vedlegg 2. Skjema for vurdering av risiko og sårbarheit

NR.	1	Namn uønska hending	Skred	
Skildring av uønska hending				
Lausmasse eller flaumskred				
Om naturpåkjenninger (TEK17)		Sikkerhetsklasse flaum/skred	Forklaring	
Ja		S2		
ÅRSAKER				
Stor nedbørsmengde, flaum med stor sedimenttransport				
EKSISTERANDE BARRIERER				
Etablerte sikringstiltak i elva				
SÅRBARHETSVURDERING				
Fare for at Kyrkjhornselva kan ta nye løp i store flaumsituasjoner				
SANNSYNLIGHET	HØY	MIDDELS	LAV	
			x >1/5000	
Grunngjeving for sannsynlighet				
Vurdert i rapport utarbeida av NVE 2015.				
KONSEKVENSVURDERING				
KONSEKVENSTYPER	HØY	MIDDELS	SMÅ IKKJE RELEVANT	FORKLARING
Liv og helse			X	
Stabilitet			X	
Materielle verdiar			X	
Samla grunngjeving av konsekvens				
Liten fare for liv og helse, lite truleg med store materielle skadar i planområdet som følgje av lausmasseskred.				
USIKKERHET	GRUNNGJEVING			
FORSLAG TIL TILTAK OG MOGLEG OPPFØLGING I AREALPLANLEGGINGA OG ANNA				
Tiltak	Oppfølging gjennom planverktøy/info til kommunen etc.			
Planen opnar ikkje opp for byggverk i tiltaksklasse 3	Planomtale/føresegner			